



Arkivnr: 2014/11838-8

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 18.06.2019 |
| Fylkesutvalet | | 20.06.2019 |

Digital formidling gjennom nettportalen Grind

Samandrag

Saka gjeld oppfølging og gjennomføring av vedtak i fylkesutvalet 3.mai 2017, sak PS 104/2017, om disponering av fondsmidler til digital formidling gjennom nettportalen Grind i samarbeid med Universitetet i Bergen. Midlane skal støtte opp under fylkeskommunale kultursatsingar.

Kultur- og idrettsavdelinga har 515 000 kr på fond etter ulike digitale satsingar. I 2017 gjorde Fylkesutvalet vedtak om at desse midlane skulle fordelast over tre år til fagleg utvikling og samarbeid med kunnskapsbasen Grind. Kultur- og idrettsavdelinga har informert Kulturrådet om tiltaket og disponeringa, og tida er no mogen for å realisere vedtaket frå Fylkesutvalet. I og med at det har allereie har gått to år, ser fylkesrådmannen det som naturleg at fondsmidlane vert utbetalt samla.

Økonomi: Midlane står på fond til digital formidling. Tiltaket oppfyller dette.

Klima: Tiltaket vil ikkje ha innverknad på klima, men vil bidra til kunnskap om klima og miljø.

Folkehelse: Tilrettelegging og tilgjengeleggjering av informasjon digitalt når ut til mange og byggjar ned tersklar.

Regional planstrategi: Digitalisering er del av overordna fylkeskommunal målsetting, og digital formidling er forankra i regional plan for kultur 2015-2025.

Forslag til innstilling

Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til fylkesutvalet si handsaming og vedtak i sak i mai 2017, PS 104/2017, og ser det som naturleg at overføring av fondsmidler til digital formidling no vert overført nettportalen Grind samla.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.06.2019

Saka gjeld oppfølging og gjennomføring av Utval for idrett, kultur og regional utvikling si innstilling i møte 26. 04. 2017, og deretter Fylkesutvalet sitt vedtak frå 03. 05 2017, i PS 104/2017, om disponering av midlar avsett til digital formidling og utvikling av samarbeid med Universitetet i Bergen sin nettportalen Grind. Vedtaket var i følgjande tre punkt:

1. Utval for idrett, kultur og regional utvikling ser Universitetet i Bergen sin kunnskapsbase Grind som ein framtidsretta digital satsing.
2. Utval for idrett, kultur og regional utvikling vedtek å disponere midlane som er avsett til digital formidling på kr. 515 000 fordelt over 3 år til fagleg utvikling og samarbeid med kunnskapsbasen Grind.
3. Utval for idrett, kultur og regional utvikling set som føresetnad at midlane vert knytt opp mot fylkeskommunale satsingar som kulturminneplanar i kommunane, utvikling av nettstadane til biblioteka, NDLA (digitale lærermiddel for vidaregåande opplæring) og andre digitale kultursatsingar på Vestlandet.

Vedtaket frå 2017 hadde som grunnlag at fondsmidlane til digital formidling skulle fordelast over 3 år til fagleg utvikling og samarbeid med kunnskapsbasen Grind. Det vart lagt vekt på at midlane skulle støtte opp under fylkeskommunale kultursatsingar.

Fylkesrådmannen vil peike på at det no er gått to år sidan vedtaket, og utviklinga har vist at prosjektet har eit langsiktig perspektiv som er berekraftig. Slik fylkesrådmannen ser det, vil det no vere naturleg at midlane vert utbetalt samla. Dette vil gi den digitale formidlinga eit sterkt løft.

I saka vart det gjort greie for korleis den digitale satsinga gjennom kunnskapsbasen Grind støtta opp under grunnleggande prinsipp og målsetting i kulturpolitikken i Hordaland om å opne og gjøre tilgjengeleg kulturfeltet for alle, både fysisk og digitalt. I Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025 er utvikling av den digitale allmenningen ei satsing. Digitale arenaer på kultur- og idrettsfeltet skal utviklast slik at dei er tilgjengelege og tilrettelagde for alle. Inkludering vil såleis kunne vere eit samleord for eit slikt løft som utvikling av kunnskapsbasen Grind er.

Fylkesrådmannen vil kort oppsummere at dei nemnde fondsmidlane er del av Hordland fylkeskommune sitt initiativ i 2012 til ein søknad til Kulturrådet om digital formidling på Vestlandet. Kulturrådet gav ei løyving på kr. 250 000 og fylkeskommunen sette av kr 100 000 i eigne midlar til prosjektet. Den nasjonale digitale infrastrukturen som dette prosjektet skulle utviklast på grunnlag av, var ei satsing som Kulturrådet avvikla før prosjektet kom i gang. Midlane vart difor sett på fond for å utgreie anna digital infrastruktur. I tillegg er det sett av kr. 165 000 frå prosjekt Digitalt matkultursenter tidleg på 2000-talet, men som ikkje er blitt realisert. Til saman står det difor avsett til digital formidling kr. 515 000.

I perioden frå fylkesutvalet sitt vedtak i mai 2017, har Kultur- og idrettsavdelinga informert Kulturrådet om satsinga og omdisponering av midlar, og har sendt etterspurt informasjon og gitt rom for tilbakemeldingar og kommentarar. Kulturrådet har ikkje gitt tilbakemeldingar på satsinga sidan hausten 2017.

Hausten 2016 lanserte Universitetet i Bergen kunnskapsbasen Grind, <http://grind.no/>. Dette er ein portal for formidling av kunnskap om landskap og livsmiljø, henta frå forskrarar ved Universitetet i Bergen og frå fagmiljø som Bjerknessenteret, Havforskningsinstituttet, offentleg forvalting og musea på Vestlandet.

Fylkesrådmannen ser portalen Grind som ei framtidsretta digital satsing som ein ønskjer å støtte opp under økonomisk og fagleg. Formalisert samarbeid om digital formidling mellom Universitetet i Bergen og Hordaland fylkeskommune vil styrke samhandlinga mellom akademia og offentleg forvalting.